

## Referat klasseforeldremøte 3.klasse 18.09.2017

Desse møtte: Ragnhild, Karianne og føresette til 22 elevar.

Stad: Manger skule

3.klasse er ein flott gjeng med 28 elevar. Overgangen frå i fjor er at dei no er delt i to klassar med kvar sin kontaktlærer. Dette er ein ressurs som gjer at kvar enkelt elev kan få meir hjelp. Det er venta ein ny elev i klassen om ei stund. Klassane jobbar mykje i lag, kvar for seg og i grupper på tvers av klassane samt dei har felles lekseplan. Det blir nytta same struktur som i fjor der ein jobbar med å få inn rutinar og det å komma i gang med arbeidet. Borna er ivrige og flinke. Gjennom ulike aktivitetar inne/ute snakkar dei mykje saman. Det blir mykje rolleleik og øving på å telja pengar og sal av smykke m.m.

Vekeplanen består av 25 timar totalt fordelt på norsk, matte, engelsk, kristendomsføre, naturfag, samfunnsfag, musikk, kroppsøving, kunst og handverk. Dei ulike faga går mykje inni kvarandre, der norsk og matte utgjer dei største faga.

Norsken vert jobba med kvar dag, her har ein to lesebøker og to oppgåvebøker som er knytt opp mot kvarandre. Det er viktig at eleven les lekse fem gonger då forskning viser at innhaldsforståelsen først kjem etter fjerde gong. Det anbefalast å lesa bøker utanom. Dersom bornet ditt strevar, les saman med det evt annankvar setning. Elevane skal veka før haustferien starta øving med samanhengande og funksjonell lykkeskrift. Mange er alt flinke. Det står ikkje noko om krav til rettskriving i kompetansemål, men eleven skal kunna lesa andre sine tekstar. Borna er god på data og spel.

I matematikk har dei to grunnbøker med tilhøyrande oppgåvebøker. Elevane skal læra seg strategiar/ ulike måtar å tenkja på innanfor addisjon, subtraksjon, divisjon og multiplikasjon. Ikkje sei opp i mente når ein leggjer til eller trekkjer frå eit tall men me vekslar. Alle skal og læra seg klokka på norsk/engelsk.

Gjennom engelsk faget i fjor jobba ein mykje med å setja saman ordbilete knytt til ulike tema. I år skal ein begynna å skriva ord på engelsk, sei setningar, lesa, lytta og prøva å forstå litt av innhaldet. Ein treng ikkje å forstå alt. Det er engelsk lekser to gonger i veka. Les gjerne i lag med ein vaksen, medan ein peikar bortover linja. Borna er flinke til dette.

Det har kome nye reglar knytt til psykososialt miljø og mobbing i skulen. No kan ein melda saka til fylkesmannen sjølv. Du kan lesa meir om dette på [nullmobbing.no](http://nullmobbing.no). Dersom bornet ditt har opplevd ting i skuletida, ta gjerne kontakt med kontaktlærer slik at ein kan finna tiltak og evt løysa problemet. Dersom ting oppstår i SFO tida tar ein kontakt med SFO leiar. Skulen og SFO samarbeider og kommuniserer godt ilag.

Viktige ting å hugse på: gymsko kvar fredag, symjing annankvar torsdag ( bruk av badehette kan vera greit om ein har langt hår men ingen krav), ikkje høve til å vaska håret i dusjen, alle må ha innesko/crocs på skulen ( av hensyn til innemiljø/brannøving), viktig med namn i klede/ sko og tilgang på byttekle, regntøy og støvlar.

Det er viktig å melda fråvær til skulen seinast 08:15 dersom bornet er sjuk og ikkje kjem på skulen. Skriv i meldingsboka første dag eleven er tilbake etter fråvær. Klokka 08: 30 startar undervisninga og ein er på plass i klasserom fem minuttar før. Dersom barnet ikkje har dukka

opp klokka 08:40 vert det skrive lapp og levert på kontoret. Kjem eleven for seint meir ein to gongar på ei veke, tek skulen kontakt for å avklare årsak. Frå 0-20 minuttar forseintkomming førar til anmerknad i visma. Meir enn 20 minuttar gjev fråvær i visma.

Henriette Sundfjord er helsesøster ved Manger skule. Ho har fast kontordag tysdagar, det er berre å ta kontakt ved eventuelle behov. Alle elevar i 3.klasse vil få tilbod om ein individuell samtale med ho. Det vil bli tatt opp tema kring trivsel, mobbing, aktivitetar og kosthald. I forkant av dette vil alle føresette få tilsendt eit skjema som skal fyllast ut. Det vil bli føretatt test av syn/høyrsele og vekt/lengde. Her har helsesøster nasjonale anbefalingar å forholde seg til. Dersom noko unormalt vert oppdaga tek ho kontakt per telefon/melding. Ein kan utover det få tilbod om vidare tiltak og oppfølging, dette er frivillig.

Steinar Breivik tar på seg vidare ansvar for klassekassa. Viktig at alle betalar inn 200 kr per born kvart skuleår. Ta kontakt med Steinar dersom du lurar på om du har betalt.

Klassekontaktar skal vera med å utføra to ulike aktivitetar for foreldre og elevar i løpet av skuleåret. Det kom forslag om lyktetur frå skulen via turløypa til nesvatnet i november og brettspel kveld med kveldsmat i februar. Det har tidlegare vore vanskeleg å få det til å klaffa for alle samtidig. Klassekontaktar legg ut forslag til datoar på eiga facebook side. Det blir den datoen som passar for flest.

Referat av Monica Marøy